

MØTEINNKALLING

Kopi til: Deltakarkommunane

Til medlemmane i representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Det blir kalla inn til møte i representantskapet **onsdag 5. mai 2021, kl. 12.00** som fjernmøte i Teams.

SAKLISTE

- Sak 01/21 Godkjenning av møtebok frå møte 21. oktober 2021
- Sak 02/21 Årsmelding / rekneskap 2020 – Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS
- Sak 03/21 Forslag på endring av selskapsavtale i SKS IKS

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gi beskjed på telefon 926 11735 eller e-postadresse bjorn.tommerdal@sksiks.no

Dag Olav Tennfjord
leiar i representantskapet
(sign)

SAK 01/21 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ MØTE 21. OKTOBER 2020
--

SUNNMØRE
KONTROLLUTVASEKRETARIAT IKS (SKS IKS)

Representantskapet

MØTEBOK

Møtedato: 21. oktober 2020, kl. 12.00

Møtestad: Lerstadvegen 545, 4. etasje. i Møre og Romsdal Revisjon SA sine lokalar

Møte vart leia av Dag Olav Tennfjord, Ålesund kommune.

Elles til stades:

Gudmund Relling, Fjord kommune, Leonhard Vårdal, Sykkylven kommune, Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune, Dag Oksnes, Giske kommune, Jan Magnar Sandvik, Sula kommune, Vebjørn Krogsæter, Ålesund kommune, Håkon Lykkebø Strand, Ålesund kommune, Åge Vikestrand, Ålesund kommune, Randi Asbjørnsen, Ålesund kommune.

Forfall: Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune.

= 10 voterande

Frå administrasjonen møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal. Styreleiar Svein Ove Søholt deltok på møtet.

Det var ingen merknader til innkallinga og saklista blei godkjent.

SAK 08/20 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 10. JUNI 2020
--

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 14. oktober 2020.

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Møteboka frå møtet 10- juni 2020 blir godkjent.

SAK 09/20 PRESENTASJON AV STYRET SITT STRATEGIARBEID VED STYRELEIAR SVEIN OVE SØHOLT

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 14. oktober 2020.

Styreleiar Svein Ove Søholt og dagleg leiar Bjørn Tømmerdal ga ei orientering kring arbeidet med strategidokumentet og bakgrunnen for dette. Representantskapet fekk høve til å stille spørsmål og diskutere situasjonen for selskapet.

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Representantskapet tek orienteringa om strategi for selskapet til vitande. Ein forventar at dette blir lagt til grunn for det vidare arbeidet med å utvikle selskapet i tråd med eigarane sine ønskje.

SAK 10/20 BUDSJETT 2021 OG ØKONOMIPLAN 2022-2024

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 14. oktober 2020.

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

1. Budsjett 2021 for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS blir vedteke slik det ligg føre i vedlegg nr. 1, jf. Også fordelingstabell vedlegg nr. 2.
2. Deltakarkommunane betaler inn sin budsjetterte del av utgiftene med 1/3 med forfall 1. mars, 1. juli og 1. november i budsjettåret.

		Budsjett 2021
3100	Deltakarkommunar avg.fri	3249000
SUM INNTEKTER		
5000	Fastlønn	1700000
5050	Bilgodtgjørelse oppg.pl.	10500
5051	Bilgodtgjørelse, oppg.pl avgiftspl.	
5090	Feriepenger	240000
5300	Godtgjørelse til styre/representantskap	110000
5400	Arbeidsgiveravgift	230000
5405	Arbeidsgiveravg av påløpne feriep	25000
5421	KLP Permiepensjon og egenkapitalinnskudd	250000
5431	Reg. premie KLP (2017)	
5432	Kostnadsføring KLP innskudd (2017)	
5990	Velferdsmidler	
Sum personalkostnader		2565500
6100	Medlemskontigenter	65000
6101	OU-kontigenter arb.giver	
6300	Leie lokaler	85000
6340	Strøm	2000
6350	Parkering	9500
6360	Renhold	6500
6390	Felleskostnader lokaler	11500
	IKT driftsavtale Ålesund kommune	40000
6510	EDB-utgifter	50000
6700	Revisjonshonorar	45000
6705	Regnskapshonorar	55000
6720	Konsulenthonorar økonomisk / juridisk	90000
6730	Konsulenthonorar adm / tekstbehandling	0
6800	Kontorrekvisita	6000
6840	Oppslagsverk, aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	20000
6860	Møte, kurs, oppdateringer o.l.	100000
6861	Møter og kurs, kontrollutvalget	
6870	Kurs og kostnad kontrollutvalg	5000
6890	Annen kontorkostnad (KOMREV)	5000
6900	Telefoni og annen el. Kommunikasjon	15000
6940	Porto	2000
7040	Forsikring og avgift transportmidler	
7050	Ulykke- og fritidsforsikring	6000
7100	Bilgodtgjørelse oppg.pl.	
7140	Reisekostnad, ikke oppg.pl.	50000
7770	Bank- og kortgebyr	5000
8040	Renteinntekter skatt, skattefri	
Sum driftskostnader		673500
SUM KOSTNADER		3249000

Renteinntekter		
8051 (finansinstitusjoner)		-12000
8150 Rentekostnad (finansinstitusjoner)		
Sum netto finans		-12000
RESULTAT		12000

Forslag til økonomiplan 2022-2024

	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
INNTEKT KOMMUNER	3 330 225	3 420 225	3 519 225
LØNN OG PERSONALKOSTANDER ANDRE	2 629 638	2 700 638	2 778 638
DRIFTSKOSTNADER	690 338	708 938	728 938
SUM KOSTNADER	3 319 976	3 409 576	3 507 576
FINANSINNTEKTER	-10 250		
RESULTAT	0	10650	11649

deflatorvekst 2,5

deflatorvekst 2,7

deflatorvekst 2,9

Vedlegg 2: Fordelingstabell

Budsjettert fordeling av deltakarkostnader SKS IKS 2021

	andel	50 % eigerdel	medgått tid	% medgått tid	totalt 2021
Ålesund	6	886092	487345	30	1373437
Fjord	1	147682	227430	14	375112
Giske	1	147682	227430	14	375112
Stranda	1	147682	227430	14	375112
Sula	1	147682	227430	14	375112
Sykkylven	1	147682	227430	14	375112
sum	11	1624502	1624495	100	3248997

SAK 11/20 REGULERING AV GODTGJERSLE TIL STYRET OG REPRESENTANTSKAPET

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 14. oktober 2020.

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Punkt 1:

- Godtgjering for arbeidet i representantskapet og styret er satt til 1.780,- per møte.
- Leiar i representantskapet og leiar i styret skal ha fast årleg godtgjersle med tillegg av godtgjersle per møte. Godtgjersle til styreleiar utgjer 24.000,-. Godtgjersle til leiar av representantskapet utgjer 8.700,-. Dersom funksjonstida er under eit år blir den faste godtgjersla avkorta forholds messig.
- Nestleiar i representantskapet og nestleiar i styret skal ha 2.550,- i godtgjersle per møte dersom dei må tre inn og leie møtet i leiaren sitt fråvær.

Punkt 2:

For møte i representantskapet hausten 2021 ønskjer representantskapet at sekretariatet innhentar og samanliknar godtgjersle og satsar frå andre tilsvarande selskap.

Eventuelt:

Ved neste års handsaming av budsjett ønskjer representantskapet ei oppstilling med både budsjett 2022, budsjett 2021 og rekneskap 2021.

Møtet var slutt kl. 14.00

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

SAK 02/21 REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2020 FOR SUNNMØRE KONTROLLUTVASEKRETARIAT IKS

Som vedlegg følger:

- *Rekneskap/årsmelding for 2020 for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS*
- *Revisors beretning 2020 frå BDO*

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS er eit interkommunalt selskap som vart etablert i 2005. Føreliggande rekneskap for 2020 er ført etter rekneskapslova sine reglar og Norsk standard kontoplan 4102.

Driftsrekneskapen viser driftsinntekter på til saman kr 2.603.903,- og finansinntekter på kr. 12.117,- Totale driftsutgifter er på kr. 2.140.323,-.

Årsoverskotet for 2020 er på kr. 475.697,-.

Rekneskapen blir godkjent av representantskapet etter innstilling frå styret. Styret gjorde sitt vedtak i møtet 13. april 2021.

På bakgrunn av ovanstående blir saka lagt fram for representantskapet etter innstilling frå styret:

Innstilling til vedtak:

Representantskapet godkjenner rekneskap og årsmelding 2020 for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med eit mindreforbruk på kr. 475.697,-

Bjørn Tømmerdal
dagleg leiar
Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS

Årsrekneskap 2020

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat

Org.nr.: 889 117 192

Resultatregnskap

				Budsjett 2020
Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2020	2019	
Driftsinntekter, deltakerkommuner		2 599 998	2 506 139	2600000
Annen driftsinntekt		3 905	50 000	
Sum driftsinntekter		2 603 903	2 556 139	2600000
Lønnskostnad	4	1 526 569	1 670 051	1770500
Annen driftskostnad	4	613 754	794 328	839500
Sum driftskostnader		2 140 323	2 464 379	2610000
Driftsresultat		463 580	91 761	-10000
Finansinntekter og finanskostnader				
Annen renteinntekt		12 117	20 504	
Annen rentekostnad		0	30	
Resultat av finansposter		12 117	20 474	10000
Ordinært resultat		475 697	112 235	
Årsresultat	5	475 697	112 235	0
Overføringer				
Overføring egenkapital		-475 697	-112 235	
Sum overføringer		475 697	112 235	

Balanse

Eiendeler	Note	2020	2019
Omløpsmidler			
<i>Fordringer</i>			
Andre kortsiktige fordringer	2	101 130	155 308
Forskuddsbetalte kostnader		13 720	35 842
Sum fordringer		<u>114 850</u>	<u>191 150</u>
<i>Bankinnskudd, kontanter o.l</i>			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	3	1 394 883	914 348
Sum bankinnskudd, kontanter o.l		<u>1 394 883</u>	<u>914 348</u>
Sum omløpsmidler		<u>1 509 733</u>	<u>1 105 498</u>
Sum eiendeler		<u>1 509 733</u>	<u>1 105 498</u>

Noter til regnskapet 2020

Note 1 Regnskapsprinsipper

I årsregnskapet er alle poster verdsatt og periodisert i overensstemmelse med regnskapslovens bestemmelser og reglene som følger av god regnskapsskikk for små foretak.

Inntektsføring skjer etter opptjeningsprinsippet som normalt vil være leveringstidspunktet for varer og tjenester. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, dvs. at kostnader medtas i samme periode som tilhørende inntekter inntektsføres.

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen ett år er uansett klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriterier lagt til grunn.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Note 2 Andre kortsiktige fordringer

Fordringer er vurdert til pålydende.

Andre fordringer består av refusjon av merverdiavgift kr 101 130.

Note 3 Bankinnskudd

Innestående midler på skattetrekkskonto (bundne midler) er på kr 75 365.

Note 4 Lønnskostnader og ytelser, godtgjørelser til daglig leder, styret og revisor

Lønnskostnader	2020	2019
Lønninger	1 215 695	1 219 933
Arbeidsgiveravgift	178 752	202 524
Pensjonskostnader	132 123	247 594
Sum	1 526 569	1 670 051

Ytelser til ledende personer	Daglig leder	Styret/ representantskap
Lønn	982 225	102 200
Annen godtgjørelse	5 292	0
Sum	987 517	102 200

Daglig leder er i tillegg omfattet av selskapets pensjonsordning.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2020 utgjør kr 18 600.

I tillegg kommer honorar for andre tjenester med kr 7 200.

Beløpene er eksklusiv mva.

Noter til regnskapet 2020

Note 4 Lønnskostnader og ytelser, godtgjørelser til daglig leder, styret og revisor (forts.)

Pensjonsordning

Selskapet er pliktig til å ha tjenstepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenstepensjon. Det er opprettet pensjonsordning i KLP, som oppfyller kravene iht loven. De regnskapsførte pensjonskostnadene for 2020 var kr 120 642. Tallene (urevidert) er basert på beregninger fra selskapets pensjonsforbindelse KLP.

Ordningen omfatter

- antall aktive	2
- antall oppsatte	0
- antall pensjoner	1

Premiefondet pr 31.12.2020 utgjør kr 4 471 719.

Forventet avkastning i 2020 utgjør kr 178 869.

Forpliktelsen og endring i denne er ikke balanseført, dette er i samsvar med reglene om god regnskapsskikk for små foretak.

Brutto pensjonsforpliktelse pr 31.12.2020 utgjør kr 5 247 823.

Det ble i 2019 endret regnskapsprinsipp og egenkapitalinnskudd i KLP er kostnadsført i sin helhet.

Dette er i samsvar med reglene om god regnskapsskikk for små foretak.

Kostnadsført kapitalinnskudd i 2020 er kr 11 481.

Note 5 Egenkapital

	Kapitalinnskudd	Annen egenkapital	Sum egenkapital
Egenkapital Pr. 01.01.2020	250 000	489 122	739 122
Årets resultat		475 697	475 697
Pr. 31.12.2020	250 000	964 818	1 214 818

Resultatregnskap

	2020	2019
Driftsinntekter, deltakerkommuner		
3100 Deltakarkommunar avg.fri	-2 599 998	-2 506 139
	<u>-2 599 998</u>	<u>-2 506 139</u>
Annen driftsinntekt		
3120 Annen inntekt avg.fri	-3 905	-50 000
	<u>-3 905</u>	<u>-50 000</u>
Lønnskostnad		
5000 Lønn, feriepenger mv.	980 149	958 995
5050 Fast bilgodtgjørelse, oppg.pl	9 132	23 249
5051 Bilgodtgjørelse, oppg.pl avg	1 383	2 672
5090 Feriepenger	119 942	117 368
5210 Fri telefon, skattepliktig	4 392	8 784
5250 Personalforsikring ikke sk/a	360	360
5252 Yrkesskadeforsikring skattep	240	240
5254 Gruppelivsforsikring skattep	858	858
5290 Motkonto for gruppe 52	-5 850	-10 242
5300 Annen oppgavepliktig godtgjørelse	102 200	117 650
5400 Arbeidsgiveravgift	161 840	185 975
5405 Arbeidsgiveravg av påløpne f	16 912	16 549
5421 Arb.giverandel KLP	120 642	229 771
5432 Kostnadsføring KLP Innskudd	11 481	17 813
5950 Gruppelivsforsikring	2 540	0
5990 Velferdsmidler	349	10
	<u>1 526 569</u>	<u>1 670 051</u>
Annen driftskostnad		
6100 Medlemskontingenter	48 748	53 661
6300 Leie lokale	99 860	81 259
6340 Lys, varme	636	1 042
6350 Parkering	0	5 319
6360 Renhold	5 937	5 371
6390 Felleskostnader lokaler	9 000	10 859
6391 Flyttekostnader 2020	30 666	0
6500 Verktøy, inventar og driftsmateriell mv.	992	0
6510 EDB-utgifter	48 182	31 987
6530 Kontormaskiner	11 991	0
6700 Revisjonshonorar	25 800	25 000
6705 Regnskapshonorar	50 000	53 030
6720 Advokattenester (regnskapsfører 2017)	105 202	310 181
6730 Kjøp av kontortjenester	63 882	69 604
6800 Kontorrekvisita	6 846	3 304
6840 Oppslagsverk, aviser, tidssk	13 344	14 523
6860 Møter, kurs, oppdatering	27 945	69 447
6861 Møter og kurs, kontrollutval	183	585
6870 Kurs og kostnad kontrollutvalg	1 788	0
6900 Telefon	7 797	7 120
6940 Porto	0	1 826
7050 Ulykkes / fritidsforsikring	5 555	5 226

Sunnmøre Kontrollutvalgssekretariat

Resultatregnskap

	2020	2019
7130 Reiseutg. / div utlegg, ansatte	0	737
7140 Reisekostnad, ikke oppg.pl.	8 445	29 716
7300 Reklame, annonse	34 065	0
7600 Styre- og bedriftsforsmaling	0	3 500
7770 Bank og kortgebyr	5 530	5 718
7790 Annen kostnad, fradragsberet	766	5 313
7791 Annen kostnad, ikke fradrags	595	0
7798 Øreavrunding	0	1
	613 754	794 328
Annen renteinntekt		
8051 Renteinntekter (finansinnstu	-12 117	-20 504
	-12 117	-20 504
Annen rentekostnad		
8154 Rentekostnad leverandører	0	30
	0	30
Overføring egenkapital		
8960 Overføring annen egenkapital	475 697	112 235
	475 697	112 235

Balanse

	2020	2019
Andre kortsiktige fordringer		
2740 Oppgjørskonto mva	101 130	155 308
	<u>101 130</u>	<u>155 308</u>
Forskuddsbetalte kostnader		
1729 Periodisering	13 720	35 842
	<u>13 720</u>	<u>35 842</u>
Bankinnskudd, kontanter o.l.		
1920 Bank driftskonto 4212.33.938	1 319 518	845 971
1950 Bank skattetrekk (høyrente 2017)	75 365	68 377
	<u>1 394 883</u>	<u>914 348</u>
Annen egenkapital		
2000 Kapitalinnskudd kommunar	-250 000	-250 000
2050 Annen egenkapital	-964 818	-489 122
	<u>-1 214 818</u>	<u>-739 122</u>
Leverandørgjeld		
2400 Leverandørgjeld	-2 496	-119 742
	<u>-2 496</u>	<u>-119 742</u>
Skyldig offentlige avgifter		
2600 Skattetrekk	-72 582	-66 352
2770 Skyldig arbeidsgiveravgift	-32 917	-46 300
	<u>-105 499</u>	<u>-112 652</u>
Annen kortsiktig gjeld		
2780 Skyldig arbeidsgiveravgift feriep.	-16 978	-16 615
2940 Skyldige feriepenger	-119 942	-117 368
2960 Påløpt kostnad	-50 000	0
	<u>-186 920</u>	<u>-133 982</u>


Balanse

Egenkapital og gjeld	Note	2020	2019
Egenkapital			
Annen egenkapital	5	1 214 818	739 122
Sum egenkapital	5	1 214 818	739 122
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		2 496	119 742
Skyldig offentlige avgifter		105 499	112 652
Annen kortsiktig gjeld		186 920	133 982
Sum kortsiktig gjeld		294 915	366 377
Sum gjeld		294 915	366 377
Sum egenkapital og gjeld		1 509 733	1 105 498

Ålesund, 13 / 4 2021
Styret i Sunnmøre Kontrollutvalgssekretariat



Svein Ove Søholt
styreleder



Rolf Bergmann
styremedlem



Anne Lise Hessen Følsvik
nestleder



Bjørn Tømmerdal
daglig leder

ÅRSMELDING 2020

Om selskapet

Selskapet driv sekretariatsarbeid for kontrollutvala i eigarkommunane med heimel i kommunelova og forskrift om kontrollutval.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS var i 2020 eigd av kommunane Giske, Stranda, Sula, Sykkylven, Fjord og Ålesund.

Selskapet har kontor i Ålesund, men legg vekt på å møte brukarar og eigarar ute i kommunane noko som medfører reiser. Selskapet har i tillegg til dagleg leiar på fulltid også tilsett juridisk rådgjevar med 10 % stilling. I tillegg leiger selskapet inn sekretærhjelp etter behov.

Året 2020 har vore prega av korona situasjonen i Noreg. Dette har og hatt konsekvensar for sekretariatet og kontrollutvala. Planlagde konferansar har blitt avlyst og kontrollutval møta i april blei gjennomført som telefonmøte/teams. Møta har likevel blitt gjennomført i tråd kommunelegane sine anbefalingar og i tråd med møteplanane.

Ei viktig sak for styret og administrasjonen i 2. halvår 2020 har vore arbeidet med å styrke bemanninga i selskapet i tråd med vedtekne strategiplan og representantskapet sitt budsjett vedtak frå oktober 2020. I desember 2020 gjekk det ut tilbod til ny medarbeidar i tråd med styret sitt arbeide og vedtak.

Selskapet valde i oktober å flytte ut frå samlokaliseringa med kommunerevisjonen og etablere egne kontor i 3. etasje i same bygget. På denne måten fekk ein det skilje til revisjonen som var ønskjeleg men samtidig kort veg for samtalar og møter med dei.

Selskapet har vidare levert tenester innan saksførebuing og møteverksemd, uttalar til kommunane sine årsrekneskap, bestilling av forvaltningsrevisjonar og selskapskontroll, samt førebu behandlinga av forvaltningsrevisjonar og selskapskontroll i kontrollutvala. Kontrollutvalsekretariatet lagar også egne kontrollrapportar som ligg utanfor revisjonsmandatet og som dermed ikkje er definert som revisjon.

Kontrollutvala har blitt stadig meir førespurt om å avklare, undersøke og vurdere problemstillingar både frå enkeltpersonar og kommunestyra i den enkelte kommune. Sekretariatet får dermed også ei oppgåve i å avgrense kontrollutvala sitt arbeid som tilsynsorgan og oppgåvene har stadig blitt meir komplekse og tidkrevjande. Selskapet ønskjer so langt som mogleg å etterkome slike bestillingar.

I 2020 har representantskapet hatt 2 møte, styret har hatt 6 møte og behandla 21 saker. Selskapet har medverka til å avvikle 52 kontrollutvalsmøte og å handsame 228 saker.

Framleis drift

Årets resultat gir etter styret si vurdering eit rettvisande bilde av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2020 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg. Årsresultatet for 2020 er på 475.697,- Økonomien i selskapet er god.

Selskapet si drift skal vere basert på sjølvkost og vere sikra gjennom selskapsavtalen. Størrelsen på det akkumulerte overskotet må vurderast i forhold til dette. Styret meiner derfor at det er rett å legge framleis drift av selskapet til grunn ved av legging av årsrekneskapen.

Arbeidsmiljø/ytre miljø, likestilling

Selskapet har hatt 1,1 stilling gjennom heile 2020. I tillegg har det blitt kjøpt tenester frå andre slik som budsjettet opnar for. I styret er både kvinner og menn representert. Selskapet sin aktivitet forureinar ikkje det ytre miljøet. Det har i 2020 ikkje vore sjukefråvær.

Andre forhold

Styret kjenner ikkje til forhold etter rekneskapsåret sin utgang som har betydning for stillinga og resultatet i selskapet.

Ålesund, 13.04.2021

Svein Ove Søholt
Styreleiar
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik
Nestleiar
(sign.)

Rolf Bergmann
Styremedlem
(sign.)

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Uavhengig revisors beretning

Til generalforsamlingen i Sunnmøre Kontrollutvalgssekretariat IKS

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet til Sunnmøre Kontrollutvalgssekretariat IKS.

Årsregnskapet består av:

- Balanse per 31. desember 2020
- Resultatregnskap for 2020
- Noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening:

Er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2020 og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Annen informasjon

Ledelsen er ansvarlig for annen informasjon. Annen informasjon består av årsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke annen informasjon, og vi attesterer ikke den andre informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese annen informasjon identifisert ovenfor med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom annen informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon.

Dersom vi, på bakgrunn av arbeidet vi har utført, konkluderer med at disse andre opplysningene inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å uttale oss om dette. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttalelse om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

BDO AS

Erik Langlo-Johansen
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PENNEO

Signaturene i dette dokument er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Erik Langlo-Johansen

Partner

På vegne av: BDO AS

Serienummer: 9578-5993-4-2747260

IP: 188.95.xxx.xxx

2021-04-15 06:51:04Z



Penneo Dokumentnøkkel: 4J41X-NA6F3-ZU587-AFMKJ-L8JGI-JH735

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

VEDLEGG: Selskapsavtale for SKS IKS med forslag til endringer.

1. Bakgrunn og kompetansetilhøve

Selskapsavtalen har fungert frå 01.01.2020. Avtalen vart godkjend av dei ulike kommunestyra i april – juni 2019 og sett i kraft saman med den nye kommuneinndelinga.

Etter vedtakinga har administrasjonen i SKS IKS innarbeidd sjøve paragraftilvisingane i den nye kommunelova inn i selskapsavtalen, til erstatning for tidlegare kommunelov som er oppheva.

Kravet til skriftleg avtale følgjer av IKS-lova som også gir reglar om endringar i avtalen. Mynde til å vedta endringar som er omfatta av § 4 tredje ledd er lagt til kommunane og slike endringar krev tilslutning frå alle deltakarkommunane.

Med 2/3 fleirtal kan representantskapet foreslå endringar i selskapsavtalen. Mynde til å gjere endeleg vedtak om dei endringane som no vert føreslått er ikkje mellom dei som er opprekna i lova § 4 tredje ledd, men etter selskapsavtalen § 21 skal dei likevel «over sendast dei deltakande kommunane til endeleg avgjersle».

Kontrollutvalsekretariatet legg med dette fram følgjande forslag til endringar i selskapsavtalen:

2. Endringsframlegg om kven som er valbar til styret

2.1. Kven som kan veljast til kontrollutvalet

Gjeldande ordlyd i selskapsavtalen § 6 andre ledd er slik:

«Den som er utelukka frå val i kontrollutval i selskapet sine eigarkommunar, kan heller ikkje veljast inn i selskapet sitt styre».

Kommunelova § 23-1 reknar i tredje ledd opp kven som ikkje kan veljast inn i kontrollutvalet. Regelen kjem i tillegg til dei generelle reglane om val til folkevalde organ (jfr. kml. §§ 7-2 og 7-3).

Mellom dei som etter lova er utelukka er

- «g) personar som har en ledande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga i et selskap som kommunen ...har eierinteresser i»

Kontrollutvalet sitt kontrollmynde er uavhengig av storleiken på kommunen sine eigarinteresser i vedkomande selskap. Lovgrunnlaget for regelen om utelukking er at kontrollen av selskapet ikkje skal leiast av nokon som samstundes har ei leiande rolle i det same selskapet som kontrollen er retta mot.

KMD uttalar følgjande i tolkingsuttale 15.12.2019 (ref.: 19/5265-2):

«Formålet med bestemmelsen er å forhindre at personer med sentrale stillinger eller verv i selskaper som kommunen har eierinteresser i, havner i situasjoner der de som medlem av kontrollutvalget må kontrollere selskapet eller vurdere å igangsette slik kontroll. Bestemmelsen skal dermed bidra til å styrke kontrollutvalgets uavhengighet.»

2.2. Kven som kan veljast til styremedlem i SKS IKS

Slik som selskapsavtalen lyder i dag vil personar med sentrale stillingar eller verv i kommunale selskap vere utelukka frå å sitje i styret for Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS. Dette innskrenkar krinsen av dei som er valbare til styret.

Etter selskapsavtalen § 6 vert styret i SKS IKS valt av representantskapet. Utover kravet om at aksjelova sine reglar om kjønnsbalanse må etterlevast, stiller IKS-lova ikkje nærare krav om kvalifikasjonen til styremedlemene.

Den generelle lovgrunnen om at den som vert kontrollert ikkje bør delta i kontrollorganet synest ikkje å gjere seg gjeldande på same måten når det gjeld val til styret i SKS IKS.

Styret sine oppgåver er forvaltning av det interkommunale selskapet, med ansvar for organisering, drift, tilsyn og personalansvar, jfr. selskapsavtalen §13. Området for kontrollutvalet sitt mynde, for eksempel selskapskontroll, ligg utanfor styret sine oppgåver.

Ulempa med noverande regel er at den innsnevrar handlingsrommet for kven som er valbar til styret. Lova sin bakgrunn og formål med regelen synest ikkje å gjere seg gjeldande på same måten for val til styret i SKS IKS.

Eventuelle rollekonflikter kan dessutan løysast med utgangspunkt i habilitetsreglane i forvaltningslova § 6, jfr selskapsavtalen §15 om inhabilitet.

Forslaget vert difor: Selskapsavtalen § 6 andre ledd vert oppheva.

3. Mynde til å seie opp og tilsette personale

Selskapsavtalen § 13 omhandlar styret sine oppgåver. Nr. 4 og 5 lyder:

4. Styret tilset og seier opp dagleg leiar og det øvrige personale .
5. Styret fastset lønns- og arbeidsvilkår for dei tilsette.

«Det øvrige personale» utgjer i dag ein person i full stilling og ein person i 10 % stilling. Dagleg leiar meiner at kompetansen til å seie opp desse og eventuelt tilsetje andre bør ligge hjå dagleg leiar.

Dagleg leiar meiner vidare at fastsetjing av løns- og arbeidsvilkår for dei tilsette bør ligge til dagleg leiar. I så fall blir pkt. 5 å endre slik at styret kun fastset lønns og arbeidsvilkår for dagleg leiar.

Det ligg ikkje føre styreinstruks for dagleg leiar. Etter IKS-lova § 14 kan dagleg leiar sitt mynde ikkje omfatte saker som etter tilhøva i selskapet er av uvanleg art eller av stor betydning. Kva for saker som må definerast slik vil måtte vurderast utfrå m.a. omfanget av verksemda og storleiken på selskapet.

Med det omfang SKS IKS har vil ein kanskje kunne seie at både oppseiing og tilsetjing av tilsette ikkje er vanlege oppgåver, sjølv om det ikkje dreier seg om dagleg leiar si stilling.

Reglane er slik at ved oppgåver som ligg utanfor det som må seiast å vere av «vanleg art» må styret i den konkrete saka delegere avgjerdsmynde til dagleg leiar.

På same måten må ein vurdere om fastsetting av individuelle arbeidsavtalar skal tilligge dagleg leiar åleine.

På den andre sida presiserer IKS lova (jfr. § 13 siste ledd) at styret skal føre tilsyn med dagleg leiar si leiging av verksemda.

Ved å stryke tillegget i selskapsavtalen § 13 nr. 4 som gjeld «det øvrige personale» vil den nemnde vurderinga av om oppseiing og tilsetjing er «av uvanleg art eller av stor betydning» måtte vurderast frå sak til sak.

Forslaget vert utfrå dette følgjande:

Selskapsavtalen § 13 nr. 4 skal lyde: «Styret tilset og seier opp dagleg leiar».

Selskapsavtalen § 13 nr. 5 skal lyde: «Styret fastset lønns og arbeidsvilkår for dagleg leiar.

4 Verknadstidspunkt

Endringane i selskapsavtalen trer i kraft frå det tidspunktet då vedtak om godkjenning av tilrådingane ligg føre i alle kommunestyra.

5. Handsaming i styret 13. april 2021 og tilråding til vedtak i representantskapet 5. mai 2021:

Styret i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS gjorde i sitt møte 13. april 2021 følgjande samrøystes vedtak som også blir tilrådinga til vedtak til representantskapet sitt møte 5. mai 2021:

Styret sitt samrøystes vedtak:

Styret i SKS IKS oppmodar representantskapet i SKS IKS om å vedta følgjande

tilråding:

Representantskapet i SKS IKS rår eigarkommunane til å vedta følgjande endringar i selskapsavtalen:

1. Andre ledd i § 6 vert oppheva
2. Selskapsavtalen § 13 nr. 4 skal lyde: Styret tilset og seier opp dagleg leiar.
Selskapsavtalen § 13 nr. 5 vert endra til : Styret fastset lønns og arbeidsvilkår for dagleg leiar.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Bjørn Tømmerdal dagleg leiar

Kjetil Kvammen juridisk rådgjevar

ORG.NR.: 889 117 192

MED FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I §§ 6 OG 13

**SELSKAPSAVTALE FOR
SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT
IKS**

§ 1 Heimel og deltakarar

Kommunane Fjord, Giske, Stranda, Sula, Sykkylven og Ålesund har med heimel i lov om interkommunale selskap oppretta eit interkommunalt sekretariat for kontrollutvala med namnet:

**Sunnmøre
Kontrollutvalsekretariat
IKS**

Selskapet har sitt hovudkontor i Ålesund kommune.

§ 2 Rettsleg status

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS er eit eige rettssubjekt.

§ 3 Formål

Formålet med selskapet er:

- Sikre sekretariatstenester til kontrollutvala i deltakarkommunane
- Kontrollutvalssekretariatet skal drivast i balanse, slik at inntekter frå kommunane dekkjer kostnadane (sjølvkost)
- Sikre at medlemskommunane vert drivne i samsvar med etablerte prinsipp for god styring og kontroll i offentleg sektor

§ 4 Eigardelar og deltakaransvar

Kommunane sin eigar- og ansvarsdel i kontrollutvalsekretariatet er fastlagt som følgjer:

	1/11
Fjord kommune	1/11
Giske kommune:	1/11
Sula kommune:	1/11
Stranda kommune	1/11
Sykkylven kommune:	6/11
Ålesund kommune:	

Delingsforholdet blir justert ved opptak av nye kommunar eller uttrede av kommunar i kontrollutvalsekretariatet.

§ 5 Representantskapet

Det øvste organ for selskapet er representantskapet som består av 11

medlemmar. Deltakarane vel sine representantar som følgjande:

- Fjord kommune vel 1 representant til representantskapet
- Giske kommune vel 1 representant til representantskapet
- Stranda kommune vel 1 representant til representantskapet
- Sula kommune vel 1 representant til representantskapet
- Sykkylven kommune vel 1 representant til representantskapet
- Ålesund kommune vel 6 representantar til representantskapet

§ 6 Styret

Styret blir valt av representantskapet. Styret har 3 medlemmer og 3 varamedlemmer. Representantar frå dei tilsette i selskapet har tilsvarande møterett i styret som etter kommunelova § 13 - 4.

~~Den som er utelukka frå val i kontrollutval i selskapet sine eigarkommunar, kan heller ikkje veljast inn i selskapet sitt styre.~~

§ 7 Innskottsplikt

Deltakarkommunane som nemnt i § 1 skyt ved etableringa av sekretariatet inn eit kapitalinnskott på totalt kr 250 000,-. Etter at etableringa har funne stad, skal det ved opptak av nye deltakarar fastsetjast av representantskapet om og eventuelt kva den nye kommunen skal betale i innskott.

Den enkelte deltakarkommune sitt innskott følgjer kommunen sin eigar- og ansvarsdel i samsvar med § 4.

§ 8 Ansvarsdeling

Dei enkelte deltakarane i selskapet hefter med heile si formue for sin aktuelle del av selskapet sine samla plikter.

§ 9 Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS si leing

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS skal ha eit eige representantskap og eit styre, jfr. lov om interkommunale selskap §§ 6 og 10.

Kommunelova kap. 23 kontrollutvalet si verksemd, gjeld for selskapet.

Det skal tilsetjast ein dagleg leiar for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS, jfr. lov om interkommunale selskap §14.

§ 10 Tilslutning til arbeidsgjevarsamanslutting

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS skal vere tilslutta ei arbeidsgjevarsamanslutting.

§ 11 Representantskapet si samansetjing mv.

Medlemmane m/varamedlemmar blir valt av dei enkelte deltakarkommunane i samsvar med lov om interkommunale selskap § 6.

Når nytt representantskap er valt etter eit kommuneval, skal det snarast kallast inn for konstituerande møte. Møtet blir kalla inn av tenestegjerande leiar med minst 4 vekers varsel.

Representantskapet er vedtaksfør når minst 2/3 av medlemmane er til stades.

Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar. Representantskapet vel styret sin leiar og nestleiar.

§ 12 Representantskapet sine oppgåver og mynde

1. Representantskapet leiar Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS ut i frå selskapsavtalen og lov om interkommunale selskap.
2. Representantskapet vedtek budsjett/økonomiplan og prinsipp for fordeling av kostnader med 2/3 fleirtal. Budsjett skal sendast dei deltakande kommunane innan 1. oktober året før vedkommande budsjettår. Dersom ein ikkje oppnår 2/3 fleirtal, blir saka avgjort med alminneleg fleirtal i nytt møte. Årsbudsjettet skal setjast opp i samsvar

med dei rammer som er fastsett i kommunelova kap. 14 med tilhøyrande forskrifter, jfr. selskapsavtalen § 17.

3. Representantskapet kan ta opp lån, dersom dette er godkjent i alle deltakarkommunane.
4. Overskott/underskott skal regulerast mot eit disposisjonsfond og disponering kan gjerast ved inntektsføring på budsjett/rekneskap etter vedtak i representantskapet.

§ 13 Styret sine oppgåver

1. Forvaltning av selskapet høyrer under styret, som har ansvar for ein tilfredstillande organisasjon av selskapet si verksemd. Styret skal sjå etter at verksemda blir driven i samsvar med selskapet sitt formål, selskapsavtalen, selskapet sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer for god verksemdstyring fastsett av representantskapet.
2. Styret skal sørge for at bokføringa og formuesforvaltninga i selskapet er gjenstand for ein tilfredsstillande kontroll. Det skal utarbeidast årsmelding for styret sitt arbeid, inkludert økonomiske oversikter for verksemda. Årsmeldinga og rekneskapen skal sendast deltakarkommunane til orientering.
3. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar si leiging av selskapet.
4. Styret tilset og seier opp dagleg leiar ~~og det øvrige personale.~~
5. Styret fastset lønns- og arbeidsvilkår for dagleg leiar. ~~og dei tilsette.~~

§ 14 Dagleg leiar

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS skal ha ein dagleg leiar som blir tilsett av styret. Dagleg leiar skal administrere og leie kontrollutvalsekretariatet i samsvar med selskapsavtalen, dei retningslinjer og pålegg som styret har gjeve, og elles etter dei lover og reglar som gjeld for verksemda.

Dagleg leiar skal gjennomføre kontrollutvalsekretariatet sitt formål og dei oppgåver som blir pålagt i selskapsavtale, vedtak og budsjett.

Dagleg leiar gjev innstilling i saker som skal behandlast, og er sekretær for styret og representantskapet.

§ 15 Inhabilitet

Om inhabilitet for tilsette i selskapet og medlemmar i selskapet sine styrande organ gjeld forvaltningslova kapittel II og kommunelova § 13 – 3 og §11 – 10.

§ 16 Tilvising/prokura

Dagleg leiar eller stadfortredar tilviser Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS sine utgifter, med unntak av utgifter som vedkjem dagleg leiar personleg eller der det er tvil om dagleg leiar sin habilitet. Slike utgifter skal tilvisast av styret sin leiar eller nestleiar i leiar sin fråvær.

Sekretariatet blir forplikta ved underskrift av styret sin leiar eller dagleg leiar. Styret meddelar prokura.

Dagleg leiar representerer kontrollutvalsekretariatet ovanfor andre i saker som kjem innunder dagleg leiar sitt ansvar i samsvar med § 13.

Det blir elles vist til lov om interkommunale selskap § 16 vedk. selskapet sin representasjon.

§ 17 Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS sine inntekter

Kommunane betaler sin del av kostnadane etter ein delt modell:

- a) Årleg tilskot pr. kommune blir fastsett av representantskapet. Halvparten av utgiftene til fordeling blir fastsett i følge eigardel etter § 4.
- b) Den andre halvparten vert fordelt utfrå medgått tidsbruk.

Ved over- eller underfakturering på 10% eller meir for budsjettert medgått tid vil korrigering av faktura bli gjort.

Den enkelte kommune betalar sin budsjetterte del av utgiftene nemnt i pkt. a til Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med ein tredjedel med forfall den 1. mars, 1. juli og 1. november i budsjettåret. Avrekning og oppgjer skjer straks endeleg rekneskap ligg føre etter utgangen av det enkelte driftsår.

- c) Utgifter ved sekretariatsarbeid som er bestilt særskilt av ein kommune (kontrollutval) blir fakturert særskilt den aktuelle kommunen med 50 % ved oppstart av oppdraget og 50 % når oppdraget er avslutta.
- d) Dersom eit oppdrag blir utført for ein kommune og andre kommunar drar nytte av resultatet i sitt arbeid, kan utgiftene etter ei konkret vurdering fordelast skjønsmessig. Styret godkjenner utgiftsfordelinga i slike saker.

§ 18 Val av revisor

Representantskapet vel revisor for revisjon av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS sitt rekneskap.

§ 19 Godtgjersle mv.

Godtgjersle til representantskapet, styret sine medlemmar og tillitsvalde frå dei tilsette skjer i samsvar med fastsett reglement vedteke av representantskapet.

§ 20 Nye deltakarar

Opptak av nye kommunar som deltakarar må godkjennast av alle deltakarkommunane.

§ 21 Endringar - opphøyr mv.

Representantskapet kan med 2/3 fleirtal foreslå endringar eller tilføyingar i selskapsavtalen. Representantskapet sitt vedtak skal oversendast dei deltakande kommunar til endeleg avgjersle. I dei tilfelle der det ikkje blir gjort samsvarande vedtak i alle kommunestyra, gjeld det som fleirtalet har slutta seg til.

Utmelding, utelukking og oppløysing av kontrollutvalsekretariatet skjer i samsvar med dei saksbehandlingsreglar som gjeld i lov om interkommunale selskap.

§ 22 Tvistar

Twist om tolking av selskapsavtalen skal så langt råd løysast ved at partane søkjer ei felles forståing. Dersom ein ikkje blir einige, skal tvisten avgjerast med bindande verknad ved valdgift etter reglane i valdgiftlova.

§ 23 Andre reglar

Elles gjeld til ei kvar tid gjeldande lov om interkommunale selskap og kommunelova kap. 23 med tilhøyrande forskrifter.

§ 24 Verknadstidspunkt

Denne selskapsavtalen trer i kraft frå 01.01.2020

Endringar i selskapsavtalen blei tilrådd i representantskapet sitt møte 21. februar 2019 og vedtekne i fylgjande kommunestyre:

- | | |
|-------------------------------------|-----------------|
| • Ålesund bystyre, sak 073/19 | 20. juni 2019 |
| • Ørskog kommunestyre, sak 43/19 | 13. juni 2019 |
| • Haram kommunestyre, sak 033/19 | 9. mai 2019 |
| • Sykkylven kommunestyre, sak 27/19 | 8. april 2019 |
| • Skodje kommunestyre, sak 45/19 | 11. juni 2019 |
| • Stordal kommunestyre, sak 32/19 | 19. juni 2019 |
| • Stranda kommunestyre, sak 74/19 | 28. august 2019 |
| • Giske kommunestyre, sak 34/19 | 13. juni 2019 |
| • Norddal kommunestyre, sak 30/19 | 20. juni 2019 |
| • Sandøy kommunestyre, sak 49/19 | 27. juni 2019 |
| • Sula kommunestyre, sak 32/19 | 15. mai 2019 |

*

Etter tilråding frå representantskapet i møte den _____ 2021 vart endringar i §§ 6 og 13 vedtekne av deltakarkommunane slik:

- | | |
|-------------------------------|------------|
| • Fjord kommunestyre, sak | _____ 2021 |
| • Giske kommunestyre, sak | _____ 2021 |
| • Stranda kommunestyre, sak | _____ 2021 |
| • Sula kommunestyre, sak | _____ 2021 |
| • Sykkylven kommunestyre, sak | _____ 2021 |
| • Ålesund kommunestyre, sak | _____ 2021 |